

Rammeavtalen Bilag 1

Rammeavtalens gjenstand, definisjoner og bestillingsprosedyrer

Digital heimeoppfølging (DHO)

Arkivreferanse anskaffing: 23/4141

Leverandør: [namn leverandør]

Innhald

1.	Innleiing.....	3
2.	Kunden	3
3.	Nærare informasjon om Kunden.....	3
4.	Nærare informasjon om Rammeavtalen	3
4.1.	Rammeavtalens gjenstand	3
4.2.	Rammeavtalens formål og målsetning.....	3
5.	Viktige definisjonar	4
6.	Leverandørar	4
7.	Prosedyre for avrop	4
7.1.	Avrop måleutstyr	4
7.2.	Avrop lisens til Programvareløysinga.....	4

1. Innleiing

Bilag 1 inneheld ei overordna beskriving av Rammeavtalens gjenstand, ei oversikt over kven som kan foreta avrop, definisjon på sentrale omgrep og prosedyrar for avrop.

Kundens kravspesifikasjon og Leverandørens svar på denne følgjer av Bilag 4 «*Kravspesifikasjon*».

2. Kunden

Rammeavtalen gjeld følgjande kommunar på søre Sunnmøre:

- Volda kommune
- Ørsta kommune
- Ulstein kommune
- Hareid kommune
- Herøy kommune
- Sande kommune

Kommune omtalast samla som «*Kunden*».

Bruk og administrasjon av digital heimeoppfølging vert primært gjort av Søre Sunnmøre legevakt, på vegne av kommunane som utgjør Kunden. Legevakta er interkommunal, men organisert som ein del av Volda kommune.

3. Nærare informasjon om Kunden

Kommunane som deltek på Rammeavtalen ligg på søre Sunnmøre, og strekk seg frå rundt 2.500 til nesten 10.000 innbyggjarar. Kommunane grenser til kvarandre, og dei samarbeider på ei rekkje fagområde, inkludert helse.

4. Nærare informasjon om Rammeavtalen

4.1. Rammeavtalens gjenstand

Rammeavtalen gjeld kjøp av utstyr og tenester innan fagområdet digital heimeoppfølging (DHO). Dette inkluderer blant anna (lista er ikkje uttømmende):

- Måleutstyr
- Skybasert programvareløysing for administrasjon av DHO, med tilhøyrande applikasjon
- Opplæring

Sjå Rammeavtalens Bilag 4 «*Kravspesifikasjon*» for meir informasjon.

4.2. Rammeavtalens formål og målsetning

Kunden har følgjande overordna målsettingar for Rammeavtalen og bruk av DHO:

1. Pasientar med kronisk sjukdom og deira pårørnde opplever forutsigbarheit, tryggleik og meistring i kvardagen.
2. Teikn på forverring av kronisk sjukdom blir oppdaga på eit tidleg tidspunkt og pasienten får adekvat oppfølging
3. Konsultasjonar i forhold til oppfølging av kronisk sjukdom er hensiktsmessige og av god kvalitet.
4. Samarbeidet mellom ulike tenester er styrka



5. Viktige definisjonar

Rammeavtalen opererer med følgjande sentrale omgrep:

Tenesteytar	Helsepersonell og tilsette hjå Kunden som yter helseteneste/digital heimeoppfølgingsteneste til ein tenestemottakar.
Tenestemottakar	Pasient og innbyggjar som tek imot helseteneste/digital heimeoppfølgingsteneste frå tenesteytar/kundekommune.
Programvareløysing	Skybasert programvareløysing for administrasjon av DHO
Avrop	Bestilling av måleutstyr og/eller lisens til Programvareløysinga

6. Leverandørar

Rammeavtalen er inngått med ein leverandør

7. Prosedyre for avrop

7.1. Avrop måleutstyr

Avrop av måleutstyr skal skje på måten partane vert einige om.

7.2. Avrop lisens til Programvareløysinga

Kunden føretekk avrop på lisens ved å opprette og registrere ein tenestemottakar i Programvareløysinga. Det gjeld ein lisens per tenestemottakar.